

Holmefjord Barnehage
Postboks 24
5649 EIKELANDSOSEN

Unntatt offentleg innsyn

§ 13 1. ledd, jf. fvl. § 13 1. ledd nr. 1

| Referanser. | Saksnr. | Saksh. | Dykkar ref. | Brevdato |
|-------------|---------|---|-------------|------------|
| 21/63973 | 21/3202 | Lena Epland Sløgedal 56 57 50 00 post@bjornafjorden.kommune.no | | 11.11.2021 |

Endeleg tilstynsrapport Holmefjord barnehage

Bjørnafjorden kommune, har i perioden 04.08.21 til dags dato, gjennomført varsla tilsyn med Holmefjord barnehage. Kontaktperson i barnehagen: Bente Ådland
Det vart gjennomført stadleg tilsyn i Holmefjord barnehage 09.09.2021.

Om tilsynet med Holmefjord barnehage

Bjørnafjorden kommune, som barnehagemynde, fører tilsyn med Holmefjord barnehage, jf. barnehageloven § 53. Kommunen sitt tilsyn med barnehagane, er tilsyn med det som er lovpålagt knytt til barnehagedrift. Barnehagemynde har ansvar for å sjå til at barnehagane vert drivne etter lova jf. § 10.

Tema for tilsynet med heimel i Lov om barnehagar med forskrifter.

- § 4 Foreldreråd og samarbeidsutval
- § 9 Internkontroll i barnehagen
- Kapittel VIII Psykososialt barnehagemiljø
- § 41, 42, 43
- § 44 Teieplikt
- § 50 Helsekontroll av barn og personale
- Forskrift om rammeplan for barnehagen innhald og oppgåver, overgangar.

Tilsynet rettar merksemda mot barnehagen si oppfylling av krav innanfor dei oppgitte emne, og rapporten viser eventuelle lovbroter som vart avdekkja under tilsynet. Rapporten gjer såleis inga fullstendig tilstandsvurdering av barnehagen.

Om gjennomføringa av tilsynet

Tilsyn med Holmefjord barnehage vart opna gjennom varselbrev datert 04.08.2021. Barnehagen er pålagt å legge fram dokumentasjon for kommunen med heimel i barnehageloven §53. Tilsynet vart gjennomført ved granskning av framlagte dokument og ved intervju av personar tilknytt barnehagen.

Rettslege krav

Etter barnehageloven § 53 fører kommunen tilsyn med alle barnehagane i kommunen. Kommunen kan gje pålegg om retting av uforsvarlege eller ulovlege tilhøve ved godkjente eller godkjenningspliktige verksemder, og vedta tidsavgrensa eller varig stenging. Kommunen bestemmer sjølv korleis og kor ofte tilsyn skal gjennomførast. Foreldrerådet skal få høve til å uttale seg før kommunen fattar vedtak om stenging.

Når kommunen driv rettleiing og tilsyn med barnehagane, er dette utøving av offentleg mynde. Det følgjer av barnehageloven § 10 at kommunen, som barnehagemynde, skal rettleie og sjå til at barnehagane driv i samsvar med gjeldande regelverk. Kommunen sin kunnskap om barnehagane dannar grunnlag for bruk av verkemidla rettleiing eller tilsyn.

Kommunen sin konklusjon

Bjørnafjorden kommune har i endeleg tilsynsrapport etter tilsyn med Holmefjord barnehage ikkje funne brot på regelverket. Endeleg tilsynsrapport vert gjort offentleg på kommunen sine heimesider.

Vurdering av oppfølging av regelverk:

§ 4 Foreldreråd og samarbeidsutval

Ikkje lovbro

§ 9 Internkontroll i barnehagen

Ikkje lovbro

Kapittel VIII Psykososialt barnehagemiljø

§ 41 Nulltoleranse og forebyggende arbeid

Ikkje lovbro

§ 42 Plikt til å sikre at barnehagebarna har et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt)

Ikkje lovbro

§ 43 Skjerpet aktivitetsplikt dersom en som arbeider i barnehagen, krenker et barn

Ikkje lovbro

§ 44 Teieplikt

Ikkje lovbro

§ 50 Helsekontroll av barn og personale

Ikkje lovbro

Forskrift om rammeplan for barnehagen innhald og oppgåver, overganger.

Ikkje lovbro

Holmefjord barnehage fekk frist 14. november 2021 til å rette opp i lovbro. Bjørnafjorden kommune har motatt oppjusterte rutinar, rettingar og dokumentasjon på at dette er gjort.

Med vennleg helsing

Line Rye
Kommunalsjef oppvekst

Lena Epland Sløgedal
Barnehagemynde og utvikling

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:

Irene Kvåle Foer

Fagsjef kommunale
barnehagar